



Styet i Uskedalen Helselag. F.v: Eli Roseth Eik, Annemor Rød, Klara Bakke, Berit H. Myklebust ( leiar ), Lene Gjuvsland Skjelnes, Marian Rød Hauso. Sara Hjelmeland Arnesen var ikkje med då bilete vart teke.

**100 åringen Uskedal Helselag kan syna til stor aktivitet i 2016. Laget har 99 betalande medlemer og årsmeldinga vitnar om eit lag med sosialt engasjement for mange gode saker. Helselaget har løyvd midlar til 6 viktige tiltak,- kreft- og hjarteforskning, tuberkulosesaka, reisetilskot til Tinestafetten, Festidagen og til aktivitetar på Hagatunet.**

Uskedal Helselag har i 2016 hatt fire styremøte, eit regionsmøte og heile sju lagsmøte. Gågruppa hadde sin oppstart i oktober månad og styrketreninga kvar måndag samlar i snitt 10 personar kvar gong. Laget gjennomførte 44 treningsøktar med totalt 420 personar frammøtt.



Aktive medlemmer i Uskedal Helselag samla til årsmøte 2017.

Frå aktivitetslista nemner vi:

- Basar
- Demensaksjon
- Frukt til mosjonsdagen på skulen
- Syng med oss på Rosendalstunet med mat
- Prosjektet 'Gull av grus' med søknader til tilskot til asfalt
- Matkurs på skulen
- Pakka og sende julegåver til Valen sjukehus
- Juleblom til alle heimebuande i Uskedalen over 90 år og det same til alle frå Uskedalen som bur på sjukeheimane i kommunen
- Stand på Sparløpet

Helselaget har eiga Facebookside. Ei turgruppe skipar årleg til tur. I 2016 gjekk turen til Fitjar.

Til helga skipar Uskedal Helselag til 100 års fest med program og lagssoga.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal